



Graut smaker godt etter ein øvingstime. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikken i Uskedalen har fleire tradisjonelle høgdepunkt i året og eitt av dei er grautfesten på AFA.

Den kjem etterat korpset har øvd inn programmet i den like tradisjonelle julekonserten i kyrkja og det skjedde i kveld.

Korpset skal bidra med heile 7 nummer og innleier konserten søndag kveld.

Diverre har skulemusikken berre 13 aktive musikantar akkurat no og leiinga set sin lit til at dei 6 aspirantane vil fylla rekkjene til hausten slik at dei atter nærmar seg 20. Heldigvis er kvaliteten på korpset slett ikkje verst sjølv om det er litt tynt mellom instrumenta. Det har dei vist ved fleire høve i haust.

Dei 13 aktive er desse, som representerer eit stort aldersspenn:

Vegard Døssland, Birgitte Hjelmeland, Frida Nybakk, Lars Andre Sæbøe, Eirin Kjærland Rørheim, Marita Kjærland, Sindre Aksnes, Lene Storevik Myklebust, Kaja Døssland, Ann Helen Rød, Emilie Bringedal, Merete Myklebust og Mia Storevik Myklebust.

I tillegg var 2 av aspirantane med på grautfesten: Amalie Hovden Rød og Camilla Myklebust Ripel.

I festen var det også ymse tevlingar slik det plar vera og det var dessuten trekning av førjulslotteriet med dette resultatet:

- * Stor korg med julemat og snop Arne Johannes Haugland
- * Røykjelaks Annlaug Isdal
- * Kalkunbryst Anne Sofie Fonn
- * Gavekort Zjakk Leif Jarle Bergstø
- * Pinnakjøtt Jeanette og Finn Guddal
- * Spekepølsa Familien Ståle Eik
- * 1 kilo sylteflesk Inger Johanne Hauge
- * Hjortespekepølse Birgit Hjelmeland
- * Blomsterkorg Thor Inge Døssland

Av Ola Matti Mathisen



Trekninga av førjulslotteriet er igang. (Foto: Ola Matti Mathisen)